



Fakultet, Universitetsmuseet

Referanse

2016/2653-ARR

Dato

29.02.2016

Orientering om nye rutinar for handsaming av høyringssaker

Distribueringa av høyringssaker til organisasjonen har fram til no skjedd gjennom Ephorte. Universitetet i Bergen mottok ei rekke høyringar og i dei fleste av dei er ikkje viktig for UiB å gi fråsegn. For å skilje viktige høyringssaker frå mindre viktige saker vil berre saker som er av særskild relevans for universitetet bli sendt gjennom Ephorte. Dei andre høyringssakane blir berre lagt ut på denne nettsida: <http://www.uib.no/foransatte/94487/h%c3%b8ringer>.

Fakultet og avdelingar må no aktivt følgje med på denne sida, under fana "Oversyn over aktuelle høyringssaker", om det kjem inn saker som det er aktuelt for dei å gje innspel til. Det er tilrådeleg å sjekke sida ein gong i veka. Eventuelle innspel til høyringar må sendast i Ephorte innan intern høyringsfrist. Saksnummer og frist blir oppgitt for kvar sak. Vi gjer merksam på at kvart fakultet skal sende *ei samla* fråsegn til aktuelle høyringar.

Vi deler høyringssakene vi mottok inn i følgjande tre kategoriar:

- Saker av liten eller ingen relevans for Universitetet i Bergen som institusjon
- Saker som kan vere viktige for einskilde fagmiljø
- Saker av særleg relevans for universitetet som institusjon eller som er av stor betyding for einskilde fagmiljø

Høyringssaker frå dei to første kategoriane vil no berre bli publiserte på nettsida, medan fakulteta framleis vil bli gjort merksam på saker av *særleg* relevans for institusjonen ved eigne høyringsbrev i ephorte.

Etter intern høyringsfrist utarbeider sakshandsamar sentralt normalt innspela frå organisasjonen til *ei samla* fråsegn som sendast høyringsavsendar etter godkjenning frå universitetsleiinga. Den interne fristen blir sett ei stund før høyringsfristen frå høyringsavsendar.

Venleg helsing

Kjell Bernstrøm
universitetsdirektør

Arne R. Ramslien
seksjonssjef

Kopi
Avdelingane i sentraladministrasjonen

Dette er eit UiB-internt notat som blir godkjent elektronisk i ePhorte